

FRAM KAMERATER

JANUAR 1979

FRA REDAKSJONEN.

Godt Nytt-rødt år!

Kamerater-er det noen som har for lite å lese eller for lite å gjøre for tida? Vi har hørt det motsatte: Det er mye fra desember som enda ikke er lest. Det er mange viktige oppgaver vi må jobbe mye med for tida. Redaksjonen har da trukket følgende konklusjon: Et nytt Fram Kamerater for januar vil sikkert bli liggende til februar før det blir studert, -ihvertfall for manges vedkommende. Så derfor- vi venter like godt til februar med et nytt ordinært nummer. Det betyr altså ikke at vi starter det nye året med å trappe ned på innsatsen. Men- forhåpentligvis betyr det mer "realisme". Vi har fått inn en god del innlegg til dette nummeret. De kommer da ikke før i februar. Håper det er o.k?
Frist for februarnummeret blir mandag 5.2.

SOLIDARITET MED DET KAMPUCHANSKE FOLKET!

Sidan det brutale åtaket fra Vietnam på Kampuchea har eg og mange kameratar diskutert kva som nå er i ferd med å skje. Eg skriv dette fordi eg har merka ein tendens til pessimisme hos mange. Sjølv sagt er det mange saker som er negative i det som no skjer. Ikkje minst tenkjer eg på dei lidningane våre kameratar- og folket i Kampuchea vert utsette for. Men for min del meiner eg og det er mange faktorar som er positive. Eg tenkjer her særleg på desse fire sakene:

1. Sosialimperialismen sitt brutale ansikt vert enda meir avslørt.

Mange ser på sosialimperialismen sin offensiv som noko sørs langsiktig: Dei er skeptiske til at dei tildømes kan gå til drastiske operasjonar i dag. Går det ann å tenkje slik etter invasjonen i Kampuchea? Eg meiner, Sovjet sin offensiv her syner at dei er trugne til kva det skal vera. Det positive i dette er at vårt nivå på å skjona deira rette ansikt-vert styrka. Vi må no vera budd på kva ~~det~~ som helst.

~~xxxxxx~~

2. Kampuchea vil splitte revisjonistane.

SV har sendt ut sitt "Skammens dokument" (KK 12/1-79). Er alle SV-arar samde i dette. Nei- vi kan vera heilt sikre på at denne utilslørte støtta til quislingeregjeringa vil verða fordømt av mange SV og SU-arar. Kva er positivt i det? Jo- at SV-leiinga si pro-sovjetiske line vert enda klårare og lettare kan avsløyrast. For det andre vil dette sikkert og visst føra til auka splitting i deira leir! Vi må her spela korta våre godt og føra ein taktikk for å sameine oss med bra SV/SU-arar og føra hard kamp mot Sovjet-lakeiane.

3. Vi kjem meir på offensiven i det antiimperialistiske solidaritetsarbeidet.

Dei siste åra har revisjonistane lukkast å skapa splid omkring solidaritetsarbeidet. Vi har ikkje heilt makta halda initiativet i henda våre i saker som Angola, Chile m.m. Men-mec den skappe prioriteringa av dette arbeidet som SK må no legg opp til, har vi store muligheter til å virkeleg koma på offensiven. Det er tvilsomt om SV våger arrangera pro-Vietnam-demonstrasjonar no! -Vi må gripa dagen og timen! Eg trur det er lurt av alle 3.v.komitear i distriktet å prioritera Kampuchea føre Eritrea i tida framover. Eit unntak kan vera for dei som arbeider med Operasjon Dagsverk.

4. Vietnam sine soldatar kan føra folkekrig-men ikkje åtakskrig!

Vietnam og Sovjet er så sterke, sier noen. Ja-dei er militært sterke. Mykje soldatar og mykje våpen. Men-gløym ikkje at folket i Kampuchea vert leda av eit KP som no arbeider målmedvete under jorda! Gløym ikkje at av landet sine 8 millionar kan truleg 4 millionar bera våpen! -Og-ein sak er at Vietnam sine soldatar kan føra folkekrig-men, det krev at dei kan ~~svare~~ symja som fisken i vatnet. No må dei istaden symja som "haien i fiskeflokket". Eg trur ikkje dei mestrar det like bra!

SIGER FOR FOLKET I KAMPUCHEA-
GJE DEI EI VERKELEG HANDSTREKNING!

Jon

SLUTT OPP OM 10-ÅRSJUBILEET!

Hei kameratar!

19. februar er Klassekampen 10 år gamal, og dette kjem vi og alle vener av avisa i Trondheimsdistriktet til å feire med eit bursdagsfestmøte i Nidarøhallen søndag 18. februar.

Jon Michelet har sagt førebels ja til å vera festtalar. Han vil mello anna snakka mykje om korleis dei har jobba med Reitgjerdesaka! Elles er det mykje god kultur-kan hende og noko som vi ikkje er så van med-noko nytt! Meir om programmet seier vi ikkje-sjå pressa!

Men-no er det og opp til dykk å gjera møte vellukka:

1. Vi ynskjer velkommen nye songar og dikt som kan nyttast i agitasjonen for den utmerka dagsavisa vår.

2. Vi vil laga "Tomboða" på møte-ulike bodar og arrangement. Vi er difor glad for alle gevinstar som kjem inn på førehand. Alt over-skottet frå festen går til Håndslagkampanja.

Alle bidrag-eller meldingar om bidrag-kan leverast på Oktober Bokhandel i Tr. heim.

Til sist eit spørsmål x til kameratar i andre stader: Skal det arrangerast noke på din plass? Eg oppfordrar til å laga ein fest av noko slag. Det er vert å ta ein svingom for avisa vår!

Augon.